

## Fordjuping

Fordjuping er eit tilbod til spesielt interesserte og motiverte kulturskuleelevar, til elevar som vil noko meir, er i alderen 13-19 år og som er elev i ein kulturskule i regionen. Du får ein sosial og fagleg møteplass med andre som har same interesse.

Fordjupingstilbodet skal fungere som ei forlenging av det vanlege tilbodet du har i kulturskulen din, og kan vere ei førebuing for dei som ynskjer å søke vidare til høgare utdanning innan faget.

Det vert stilt større krav til engasjement og fysisk oppmøte ved deltaking i eit fordjupingsprogram samanlikna med ordinær undervisning. Og det vert forventa heimearbeid/øving mellom samlingane.

Samlingane vil vere på Sunnfjord kulturskule (bak Førdehuset) i Førde. Det kan bli aktuelt å flytte stad, avhengig av kva og kven vi skal samarbeide med.

## Fordjuping storband

er eit samarbeide mellom kulturskulane i regionen og Firda vidaregåande skule.

Instrumenta vi treng i storbandet er:

- slagverk
- el-bass eller kontrabass
- piano
- el-gitar
- trompet/kornett
- trombone/baryton
- saksofonar
- vokalist/songar

NB! Det er plass til fleire elevar på kvart instrument.

Musikalsk leiar er bassist Raimund Hoclas frå Bremanger, [Raimund.Hoclas@bremanger.kommune.no](mailto:Raimund.Hoclas@bremanger.kommune.no), tlf 94844885

## Samlingar storband 2026-2027

29.-30.8

26.-27.9

9.-11. oktober (Jazz på Jølst)?

6.-8.11 seminar med Bergen bigband

9.-10.1

3.-4.4

24.-25.4 med hemmeleg jazzartist

7.-9.5 Balejazz-helga

Kulturskulen organiserer overnatting, og ein må rekne med noko foreldreinnsett i samband med overnatting og konsertar.

**Har du lyst å søke? Då gjer du slik:**

- fyll ut påmeldingsskjemaet ([Søkeportal](#))
- skriv nokre linjer i skjemaet om kven du er, kva læraren din heiter og om kvifor du ynskjer å delta på tilbodet
- søknadsfrist snarast og helst innan 18. juni (eigen kulturskulelærar/Firda VGS tilrår elevar å søke)
- Pris pr. semester kr. 550,-

Velkomen som søkjar!

Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt med:

Trude Skarvatun koordinator storband  
Prosjektleiar for fordjupingstilbodet  
Tlf: +4741505970  
Epost: [kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no)



**SoFunk**  
Sogn og Fjordane ungdomsstorband  
**2026-2027**